

Søknad

Søknadsnr.	2018-0056	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Infrastrukturmidlar i reiselivet - utlysing 2018			
Prosjektnavn	Lysprosjektet - "Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden".			

Kort beskrivelse

PROSJEKTIDE: Gjere Nærøyfjorden meir attraktiv vinterstid ved å lyssetje og synleggjere, frå båtarsom er undervegs på strekninga Gudvangen-Flåm, enkelte element og lokalitetar ved verdsarvfjordane. Lys vil kunne forsterke opplevingsverdien haust, vinter og vår då delar av reiseruta i dag føregår i mørke. Dette gjeld særleg båtavgangar morgon og kveld.

Prosjektbeskrivelse

Verdsarvparken søkjer med dette om infrastrukturmidlar til gjennomføring av eit forprosjekt i samarbeid med parkpartnarane Flåm AS/ The Fjords.

FORPROSJEKTET omfatter i denne omgang 2 lyspunkt som vonleg vil stå klar til drift hausten/vinteren/våren 2018/2019. Detaljplanlegginga vil føregå utover våren, sommeren og hausten. Verdsarvparken/ prosjektet lyt og hente inn løyve hjå både grunneigarar og forvaltning/verneområdestyre for oppsett av lyspunkta. Samstundes lyt vi avklare og ta stilling til kva for teknisk utstyr som kan installerast i samband med forprosjektet. Dei to lyspunkta som det p.t. vert søkt løyve for er Sagfossen og bygningane på Holmo - jfr. vedlagt kart.

I samband med forprosjektet og den tekniske delen av dette vil vi nytte firmaet Lyd og Lyshuset AS, Stavanger, og lokale elektrikarfirma som både fagleg støtte ved innkjøp og utførande ved oppsett.

Dersom resultata frå forprosjektet er som venta/ i samsvar med målsetjinga, og arbeidsgruppa går for vidare satsing, vil eit evt. hovudprosjekt kunne omfatte ca. 15 lyspunkt på strekninga Flåm-Gudvangen.

MÅLSETJING: Auka opplevingsverdi ved å besøkje Nærøyfjorden og områda ikring haust, vinter og vår vil kunne føre til generelt auka interesse for å besøkje reisemålet i skuldersongen. Dette vil ikkje berre gje auka passasjertal på dei båtane som trafikerar Aurlands- og Nærøyfjorden vinterstid men og mest truleg føre til auka aktivitet hjå seng- og matverksemdene, transportselskapa, varehandel og andre reiselivsrelaterte verksemdar i regionen.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nærøyfjorden Verdsarvpark Org.nr:992413999	Helabrotet 2A 5745 AURLAND	95172595
Kontakt- person	Erling Oppheim	Klokkargarden 18 5745 AURLAND	95172595
Prosjekt- leder	Anne- May Waage	Lyngvollvg. 5 4017 STAVANGER	90204029

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

1. Tilskot over VSP"n for lokale og regionale Parkar.
2. Infrastrukturmidlar reiseliv (Brekkestien i Flåm)
3. Tilskot til verdiskaping basert på naturarven. (Miljødirektoratet)
4. Tilskot til gjennomføring av landskapskartlegging - og analyse i Vestnorsk fjordlandskap.
5. Tilskot til gjennomføring av Besøksforvaltningsprosjektet i regi av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.
6. Tilskot til gjennomføring av tiltak i Aurlandsdalen
7. Tilskot til gjennomføring av 2 fyrste åra av prosjekte "Vandring og verdiskaping"

Spesifikasjon

Bakgrunn

Prosjektet vert søkt etablert som eit av fleire mulige tiltak for å legge til rette for og støtte opp under satsinga på heilårstursime i regionen; og då særleg på den tida det er god plass i fjordane: haust og vinter.

Sjå elles omtale under "Prosjektide".

Prosjekt mål

Sjå omtale under "Prosjektbeskrivelse".

Forankring

- 1.Parkplanen for Nærøyfjorden Verdsarvpark, "Verdiskaping skjer i møtet".
2. Kommunedelplan for næring, visjon og strategiar 2014-2025. (Aurland kommune)
3. Godkjent Handlingsplan 2018 for Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Prosjektorganisering

Det er oppretta ei arbeidsgruppe samansett av fylgjande personar:

1. Erling Oppheim, Nærøyfjorden Verdsarvpark (Prosjekteigar)
2. Rolf Sandvik/Sandra Nekkøy , The Fjords DA.

3. Birgittha Sandstrøm, Flåm AS.

Sekretariat og prosjektleiing : Anne-May Waage/Per A. Svanes med faglig/teknisk støtte fra Lyd og Lyshuset AS, Stavanger.

Samarbeidspartnere

Utover omtalt i pkt. over:

1. Grunneigarane.
2. Verneområdeforvaltninga for Nærøyfjorden.
3. Aurland kommune, næringsavd.

Aktiviteter

Syner til prosjekttale.

Målgrupper

1. Gjester til regionen og særleg verdsarvfjordane Aurlands- og Nærøyfjorden i vinterhalvåret.

Resultat

1. Auka attraktivitet. ("Reason to go")
2. Auka opplevingsverdi for gjestene.
3. Auka aktivitet og verdiskaping hjå reiselivsverksemdene i regionen.

Effekter

1. Kan tilby eit unikt vinterprodukt, fleire gjester vert motivert til å reise til verdsarvfjordane.
2. Auka trafikk/ besøk vil styrke grunnlaget for å satse på heilårsturisme hjå reiselivsverksemdene i regionen.
3. Kan føre til betre besøksforvaltning; spreing/ fordeling av gjester både i tid og rom.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1. kvartal 2018: Utarbeide søknadsgrunnlag/ søknader om finansiering.
2. kvartal 2018: Avklare lokalitetar med grunneigarar/ søknader om løyve for oppsett til forvaltning/ verneområdeforvaltning.
3. kvartal 2018: Utgreie/ førebu oppsett lyskilder og tekniske løysingar i samarbeid med relevant kompetanse.
4. kvartal 2018: Oppsett og drift av lyskilde på lokalitet.
1. kvartal 2019: Utprøving/ driftsperiode.
2. kvartal 2019: Oppsummering og evaluering.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Prosjektleiing, forprosjekt	120 000					120 000
Teknisk utstyr inkl. installasjon	500 000					500 000
Sum kostnad	620 000					620 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Aurland Energiverk	75 000					75 000
Aurland kommune	50 000					50 000
Infrastrukturmidlar i reiselivet - utlysing 2018	100 000					100 000
Innovasjon Norge	150 000					150 000
Norges forskningsråd	100 000					100 000
Nærøyfjorden Verdsarvpark	20 000					20 000
Start - UPS						
Forskningsprogram, Sffk	75 000					75 000
The Fjords/ Flåm AS	50 000					50 000
Sum finansiering	620 000					620 000

Geografi

1421-Aurland

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Holmo-Sagfossen1.PNG	253 161	15.02.2018
kjosfossen lys.jpg	122 869	15.02.2018